

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Espen Søbstad	Arkiv:	K1-033
Arkivsaksnr:	21/325 21/8299		

Evaluering av skotpremieordning

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Utvalet for viltsaker	14.04.2021	001/21
Formannskapet	27.04.2021	024/21

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet tar evalueringa av skotpremieordninga til vitande.

Tittel	Dok.ID
Evaluering skotpremie Sula JFF	517723

14.04.2021 Utvalet for viltsaker

VILT-001/21 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet tar evalueringa av skotpremieordninga til vitande.

27.04.2021 Formannskapet

Jim-Arve Røssevoll (Ap):

Sula formannskap ønskjer at saka kjem tilbake til formannskapet slik at ein får vurdere justering av satsane.

Vibeke Bjørkavåg (H):

Sula kommunestyre vedtek å leggje ned ordning med skotpremie på enkelte artar.

Ved avstemming vedtok eit samrøystes formannskap å ta saka til vitande.

Forslaget til Vibeke Bjørkavåg fall med 1 (Vibeke Bjørkavåg) mot 6 stemmer.

Forslaget frå Jim-Arve Røssevoll vart samrøystes vedtatt.

F-024/21 Vedtak:

Formannskapet tar evalueringa av skotpremieordninga til vitande.

Sula formannskap ønskjer at saka kjem tilbake til formannskapet slik at ein får vurdere

justering av satsane.

Bakgrunn for saka:

I 2018 vedtok Sula kommunestyre å innføre skotpremie på enkelte artar. Ordninga hadde oppstart i 2019, med første utbetaling i januar 2020. Kommunestyret vedtok samstundes at ordninga skulle evaluerast av formannskapet etter to år. To år er no gått.

Saksopplysningar:

Motivet med skotpremieordninga er å understøtte og forsterke den årlege predatorjakta som Sula Jeger og Fiskerforening (Sula JFF) står bak. Predatorjakta har som føremål å auke uttaket av artar som har negativ effekt på artsmangfaldet i kommunen.

Skotpremieordninga omfattar mink, raudrev og kråke med ei utbetaling per dyr på kr 250,- for mink, 200,- for raudrev og 50,- for kråke. Det vart sett eit samla tak på utbetalingane på kr 15 000,- årleg. Minken er vurdert til utgjere ein høg risiko for norsk naturmangfald, og vart svartelista i Noreg i 2007. Den er generalist og et både fugl, fisk, små pattedyr, amfibiar og virvellause dyr. Sjøfugl som hekkar på bakken er særleg sårbar for auke i minkbestanden, og kan forsvinne heilt frå områder med mink. Lokale viltinteresserte har meldt om at mink ofte vert observert i Sula og ein trur at minken har bidratt til ein nedgang i talet på sjøfugl, inkludert utryddingstrua artar som ærfugl og krykkje. Raudreven er ein opportunist og ein svært tilpassingsdyktig predator. Nasjonalt trur ein at bestanden har auka kraftig dei siste tiåra. På bakgrunn av observasjonar i Sula kommune er det grunn til å tru at bestanden har gått opp også her. Arten går spesielt etter fugl, egg, gnagarar og andre små pattedyr. Ein vaksen rev treng 0,5 til 1 kg mat i døgnet. I periodar der mattilgangen er stor vil den hamstre, og gøyme unna mat.

Raudreven er mellom dei predatorane som et mest skogsfugl. I eit forskingsprosjekt ved Høgskolen i Hedmark fann ein at reven står for 80 prosent av reirrøveria hos skogsfugl. Kråka er også ein svært tilpassingsdyktig jeger som er kjent for å ta mykje egg og kyllingar av skogsfugl.

Den administrative belastninga på kommunen som følgje av ordninga er minimal. Sula JFF har tatt på seg jobben med å godkjenne og registrere felt vilt. Dei leverer ein fellingsrapport i januar, og kommunen står for utbetaling til foreninga som vidareformidlar til jegerane.

Tabellen under viser kor mange av dei tre artane som vart felt og kravd skotpremie for i 2019 og 2020.

	2019	2020
Kråke	15	17
Rev	3	12
Mink	1	1
Sum utbetalt	1 600	3 500

Tabellen under viser uttak knytt til den ordinære predatorjakta. Merk at tala er knytt til jaktåret (start 1. april, slutt 31. mars) og ikkje kalenderåret. Dette er orsaka til avvik i forhold til tala i tabellen over. Ein kan ikkje sjå at innføring av skotpremie har påverka uttaket av dei tre aktuelle artane.

Fangstrapport

Arter	Rødrev	Kråke	Ravn	Skjor	Nøtte skrike	Røyskatt	Ekorn	Mår	Mink	Sum
2014/2015	11									11 stk
2015/2016	10							2		12 stk
2016/2017	7	21		2	2					32 stk
2017/2018	15	18					2			35 stk
2018/2019	8	19	1			1				29 stk
2019/2020	5	14				1		1	1	22 stk
2020/2021	9	14	1	26			1		1	52 stk
2021/2022										stk
Totalt =	65	86	2	28	2	2	3	3	2	193 stk

Vurdering:

Den årlege predatorjakta er viktig for å halde nede bestanden av enkelte rovdyr. I tillegg til mink, raudrev og kråke, omfattar predatorjakta også skjor, ravn, ekorn, nøtteskrike og mår. Den samla effekten av jakta bidrar til å betre vilkåra for mellom anna skogsfugl.

Når ein no skal evaluere skotpremieordninga, må ein vurdere i kva grad innføring av skotpremie har forsterka innsatsen i predatorjakta. Sula JFF er ganske tydeleg: Ordninga med skotpremie har tilsynelatande liten eller ingen direkte effekt på uttaket av dei aktuelle artane. Sula JFF melder sjølv at aktiviteten i predatorjakta ikkje har gått opp etter innføringa av skotpremie. Den har heller ikkje ført til særleg nyrekruttering av predatorjegerar. Vi er ikkje i nærleiken av utbetalingstaket på 15 000,- per år. Slik sett er ordninga ein skuffelse. Kanskje spesielt skuffande er det at det berre er fanga to mink. Dette med tanke på den øydeleggjande effekten minken kan ha på lokalt naturmangfald.

Kva er orsakande til den manglande effekten?

Økonomien i ordninga er beskjedne, med ei samla utbetaling på kr 5 100,- over to år. Det økonomiske insentivet for den enkelte jeger er truleg minimalt, og skotpremiene dekkjer nok knapt nok utgifter knytt til jakta. Det er andre motiv enn økonomiske som driv jegerane som held på med predatorjakt, i det minste når summene det er snakk om er såpass låge. Sula JFF melder at dei som har felt predatorar i desse to periodane ikkje har gjort krav på utbetaling av skotpremie, men valt at pengane skal gå tilbake til Sula JFF og arbeidet med den årlege predatorjakta.

Det kan òg vere at det rett og slett er mindre av dei aktuelle predatorane i områda våre. Uttaket av mink til dømes kan vere lågt rett og slett fordi det er mindre av mink enn det vi hadde trudd. Sula JFF melder at dei hadde fem fellekassar ståande på Hattholmen våren og sommaren 2019, utan at det resulterte i fangst. Det er godt mogleg at minken er fordriven som følge av eit oppsving i talet på oter i området.

Den indirekte effekten av ordninga er truleg langt viktigare enn den direkte effekten. Gjennom ordninga støtter kommunen opp under eit viktig tiltak i regi av Sula JFF. Sjølv om det ikkje er snakk om store summar, bidrar pengane til å oppretthalde den årlege predatorjakta som foreininga arbeidar med. Signaleffekten er truleg viktig. Ordninga synleggjer at jobben som Sula JFF gjer og innsatsen til den enkelte jeger blir sett pris på. Det er mykje som tydar

på at predatorjakta er viktig for artsmangfaldet i kommunen. Sula JFF skriv sjølv om predatorjakta:

For dei byttedyra som gjelder for predatorer så har vi uansett hatt ei positiv innvirkning på spesielt skogsfugl som orrfuglen. Der får vi stadig positive tilbake meldinger både fra jegere og friluftsfolk om stadige observasjoner. Det er veldig bra, da det spesielt her på nordsida av øya, var orrfuglen en saga blott.

Oppsummert kan ein seie at skotpremieordninga ikkje ser ut til å ha ført til direkte auke i uttaket av mink, raudrev og kråke. Ordninga støttar likevel predatorjakta til Sula JFF og bidrar soleis indirekte positivt til naturmangfaldet i kommunen.